

Vedlagt er uttale frå Helse Vest angående bruk av omgrepa «øyeblikkeleg hjelp» og «pasientforløp», datert 12. september 2017.

Bakgrunn:

I Helse Vest har vi valt å praktisere ei moderne form for nynorsk for å nå så breitt som mogleg i kommunikasjonen vår med ålmenta. Samtidig er vi opptekne av å skrive korrekt nynorsk og ikkje minst å praktisere eit klart språk i den skriftlege kommunikasjonen vår.

Etter nynorskreforma i 2012 blei mykje av det som tidlegare hadde vore klammeformer (og dermed ikkje tillate innan offentleg forvaltning) mogleg å bruke - også for oss. Mange av desse klammeformene låg nærmare bokmål, og vi ønskte å nytte høvet til å kommunisere på det vi oppfatta som eit meir moderne nynorsk som var enklare å forstå for folk flest. Dette har også vore tilfellet for Helse Bergen.

Dette blei ikkje teke godt imot av Språkrådet som allereie i 2013 tilrådde at vi heldt oss til det som tidlegare var nynorske hovudformer, og ba oss unngå dei nye bokmålsnære formene. Dei stadfestar denne haldninga i sitt svar på klagen mot Helse Bergen, datert 2. juni 2017. Her ber dei også om at vi bruker ordet «pasientløype» for pasientforløp og strakshjelp i staden for øyeblikkeleg hjelp.

Vår tilråding:

- Helse Vest ber føretaka som har nynorsk om å følgje dei tidlegare hovudformene innan nynorsk i sine nynorsktekstar, i tråd med tilråding frå Språkrådet. Helse Vest endrar også sine eigne retningslinjer.
- Helse Vest ser at det er vanskelig å endre faste omgrep som blir brukt som nasjonale fagtermar, slik som «pasientforløp» og «øyeblikkeleg hjelp», og slik det også er for eksempel for «behandling». I enkelte tekstar vil ein sjølvstund ha forståing for bruk av eventuelt «akutthjelp» og «pasientløype», men å innføre eigne omgrep for enkelte føretak vil kunne skape misforståingar mellom fagfolk og sjukehus - og for pasientane. Ei endring vil også krevje store ressursar og er heller ikkje av den grunn tilrådeleg. Vi viser elles til at både «behandling» og «forløp» er ord som finst i nynorskordboka, og som dermed må vere aksepterte som lovlege på nynorsk.
- Helse Vest vil ta et initiativ ovanfor Språkrådet for ein tettare dialog slik at målformer og klart språk blir ivareteke i spesialisthelsetenesta på Vestlandet. Eit initiativ kan vere å få utforma ein språkrettleiar, slik det er utarbeidd for f. eks. Fylkesmennene.

Mvh Bente Aae
Kommunikasjonsdirektør

Stavanger, 12. september 2017